



Arild Aase  
Åse 35  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3711 - 17/35632

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammar  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2017

## Svar på søknad om drenering av jordbruksjord på gbnr 186/2 Aase

**Administrativt vedtak. Saknr: 621/17**

### Vedtak

**Med heimel i «Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord» vert det løyvd kroner 25785 til drenering på gnr 186 bnr 2 Aase i Lindås kommune. Avgrensa til 860 meter grøft eller 13 dekar areal. Løyvinga er eit eingongstilskot.**

**Frist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå den dag meldinga er motteken.**

### Saksutgreiing

#### Dokument i saka

Søknad om tilskot datert 17.12.2017  
Kart med grøfteplan i M 1 : 3000

#### Søknaden

Arild Aase søker om tilskot til drenering av tidlegare dyrka jord på Gnr 186 Bnr 2 Aase i Lindås kommunen. Søknaden gjeld 35 dekar fulldyrka jord og det er planlagt 3550 meter med grøfter for å få drenert dette arealet.

#### Klagerett:

*Vedtaket kan påklagast til kommunen if. Lov om off. forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottek vedtaket. Det er nok at klagen er motteken innan fristen går ut.*

*Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.*

#### Vurdering



Kommunen har behandla søknaden etter *Forskrift om tilskudd i drenering av jordbruksjord* fastsett av Landbruksdepartementet 25.06.2013

Arealet er no vorte vassjuk mark som vanskeleg å hausta maskinelt og med grøfting vil ein i tillegg til å betra vilkåra for maskinell hausting betra jordkvaliteten for aukande avling. I Gårdskart Skog og landskap er arealet registrert som fulldyrka jord. Så langt vi har kunna undersøkje så vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på det som kan reknast som biologisk mangfald og det er ikkje registret forminne i området. Saka er såleis ikkje sendt korkje til miljø eller til kulturmyndigheit for uttale. Det vert likevel gjort merksam på at skulle det under arbeidet koma fram forminne, så skal arbeidet stansast og rette myndigheit skal varslast.

Lindås kommune har ein begrensa sum tilskot å løyva til dreneringstiltak på tidlegare grøfta innmark. No har me ein rest på kr 25.785 dvs til 860 meter grøft eller 13 dekar. Ein løyver difor midler til ein avgrensa del av det omsøkte tiltaket og oppmoder søkjar om å søkja på resten av tiltaket i 2018 og evt 2019.

### **Generelt om løyving til dreneringstiltak av jordbruksjord:**

- Fristen for gjennomføringa av tiltaket er 3 år
- Tilskotet kan verta trekt inn om det kan føra med seg vesentleg skade på annan eigedom, biologisk mangfald, automatisk freda kulturminne, eller forureining.

### **Beregning av tilskot**

- Tilskotet til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2000 kroner pr dekar. Ved anna grøfting kan det vera gjeve 30 kroner pr løpemeter grøft beregna oppad til 2000 kroner /dekar.
- Beregna tilskot til under 3000 kroner pr søknad skal ikkje utbetalast.

### **Søknad og utbetaling**

- Innvilga tilskot vert utbetalt etter at tilskotsmottakar har dokumentert at tiltaket er gjennomført. Tiltaket må vera gjennomført innan 3 år etter at søknaden er innvilga.
- Annmodning om utbetaling skal sendast kommunen
- Er tilskotet over 10.000 kroner kan ein gjera delutbetaling av inntil 75% av innvilga tilskot tilsvarande arbeid som er gjort.
- I søknad om sluttutbetaling skal det gjennom dokumentasjon syna at tiltaket er gjennomført. (rekneskap og timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpte materialar og gjerne foto- dokumentasjon)
- Til utbetaling vil

### **Kontroll:**

- Søkjar av tilskot pliktar å gje alle opplysningar som kommunen og fylkesmannen må ha for å kunna forvalta ordningen.
- Kommunen og fylkesmannen fører tilsyn med at utbetalingar av tilskot er riktige og skal ha tilgang til bokføring og oppteikningar som er gjort.

### **Vilkår:**

- Vi minnar om at løyvd tilskot kan trekkast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnad for ordninga jfr. § 10 (Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord)

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

**Mottakarar:**

Arild Aase

Åse 35

5916

ISDALSTØ